

NTNU, Institutt for bygg- og miljøteknikk  
Vassbygget, Valgrinda, S. P. Andersens veg 5  
7031 Trondheim

Att.: Professor Knut Alfredsen

Dato: 05.03.2020

Vår ref.: OBV/1256107

Side 1 av 3

## **Mogleg studentoppgåve – Tidsforløp av større vassføring i islagt elv, Golsjuvet**

### **1. Bakgrunn**

Ved [Golsjuvet](#) i Hallingdal er det utfordringar knytt til sikkerheit for allmennheita ved at det er mykje isklatring – både organisert og uorganisert. Området ligg ved Gjesthus om lag 11.6 km nedstrøms dam Eikrebekken i eit tilnærma tørrlagt elveløp. Vinterstid går det om lag 25 l/s som frivillig minstevassføringsslipper fra Eikrebekken. Eikrebekken er inntaksbassenget til Hemsil 2 kraftverk. Hemsil 2 tek inn vatn fra oppstrøms kraftverk (Hemsil 1 og Gjuva/Brekkefoss) i tillegg til restfelt i Hemsilvassdraget. Slukeevna til Hemsil 2 kraftverk er 32 m<sup>3</sup>/s. Ved utfall av Hemsil 2 er det potensiale for at farlege situasjoner kan oppstå i Golsjuvet.

### **2. Tidsforløp Eikrebekken - Golsjuvet**


Tidsforløp mellom Eikrebekken og Golsjuvet er målt ved vassføring til elv vinterstid. Bakrunnen var feil ved ein bryter i Hemsil 2 den 21.02.2001. Om lag 8 m<sup>3</sup>/s brukte då om lag 8 timer på å komme fram til Golsjuvet. Det leggast til grunn at ei lita vassføring tek lengre tid på å fylle småkulpar, etablere snø/isdammar med påfølgande brot, osb., nedover i vassdraget enn større vassføringar. Det er difor usikkert kor lang tid det tek før ei vassføring på 32 m<sup>3</sup>/s er ved Golsjuvet.

Normalt vil magasinbuffer i Eikrebekken forlenge tidsforløpet frå eit utfall i Hemsil 2. Vasstanden ligg gjerne rundt HRV-1m (kote 565). Inntaksbassenget har eit volum på om lag 0.7 Mm<sup>3</sup> ved HRV og eit volum ved HRV-1m på om lag 0.525 Mm<sup>3</sup>. Gitt tilsig til full produksjon i Hemsil 2 (32 m<sup>3</sup>/s) og vasstand HRV-1m vil bufferet (ca. 0.175 Mm<sup>3</sup>) auke tida før vatnet kjem til Golsjuvet med om lag 175000/(32\*60) ≈ 90 minutt.

Frå løysing av Saint-Venant likningane i dambrotsbølgjeberekningar (DBBB) er det rekna at det vil ta om lag 26-34 minutt før vatnet er ved Golsjuvet. Men dette er med startvassføring på 281 m<sup>3</sup>/s og kulm.vassføring på 626 m<sup>3</sup>/s. Grunna vesentleg større vassføring enn

produksjonsvassføringa ( $32 \text{ m}^3/\text{s}$ ), kan ikkje dette samanliknast direkte, samt at det ikkje er direkte overførbart til vassføring i islagte vassdrag.

Tidsforløpet for  $32 \text{ m}^3/\text{s}$  frå Eikrebekken til Golsjuvet er også rekna ut separat ved hjelp av Saint-Venant likningane (1D). Likningssettet er likt som for utført DBBB. Det er lagt til grunn låg vassføring i elva ved start. Utrekinga viser at det tek om lag 20 minutt før den første vassmengda er ved Golsjuvet og at det meste av vassføringa har komme fram etter om lag 30 minutt. Altså om lag lik tidsforløp som for stor vassføring i DBBB. Som over kan heller ikkje dette samanliknast direkte mot tidsforløpet som vart målt i 2001, grunna ikkje lineært forhold mellom ulike vassføringar og tidsforløp i islagte vassdrag.



Figur 1: Kart over Golsjuvet, Hemsil 2 kraftverk og området rundt. (TVP = Tverrslagsportar)

### 3. Oppgåve

Det ønskast funne ein funksjon for å estimere kor lang tid ei gitt vassføring nyttar i islagt elv frå Eikrebekken til Golsjuvet (maksimalt  $32 \text{ m}^3/\text{s}$ ). Som startsituasjon leggast det til grunn at det går  $25 \text{ l/s}$  i elva. Numerisk modell må verifiserast mot faktiske målingar i 2001.

Med vennleg helsing  
Hafslund E-CO Vannkraft AS

Oddmund Brevik  
Vassdragsteknisk ansvarleg

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og ekspedert utan underskrift*